



Referansar: KM 08/26

Arkivsak: 26/00899-1

Oppnemning av digitalvalstyret

Samandrag

Kyrkjerådet skal oppnemne eit digitalvalstyre som skal sikre at det digitale kyrkjevalet blir gjennomført i samsvar med gjeldande regelverk og grunnleggjande demokratiske prinsipp. Styret skal ha sju ordinære medlemmer og to medlemmer peika ut på grunnlag av særskilt kompetanse. Kyrkjerådet har fått inn 11 forslag til kandidatar frå nomineringsgruppene. Desse forslaga er vurdert opp mot andre omsyn, for eksempel representasjon av unge og kjønnsbalanse, og det er sett opp eit forslag til kven som skal peikast ut som medlemmer i digitalvalstyret.

Forslag til vedtak

1. Kyrkjerådet peikar ut følgande medlemmer til digitalvalstyret:

Ordinære medlemmer:

Marius Berge Eide

Ingjerd Breian Hedberg

Andreas Holm

Roar Olsen

Torild Skogsholm

Regine Vetleseter Strangstad

Gunnar Winther

Medlemmer peika ut på bakgrunn av særskilt kompetanse:

Kristian Gjøsteen

Kyrkerådet gir direktøren fullmakt til å oppnemne det andre medlemmet med særskilt kompetanse.

Felles varamedlemmer for ordinære medlemmer i prioritert rekkefølge:

1. Roar Moen
2. Anette Lyche Brautaset
3. Halvard Sand
4. Arnt Ove Tenfjord
5. Jo Hedberg

Kyrkerådet gir direktøren fullmakt til å oppnemne dei to siste varamedlemmene.

2. Gunnar Winther blir peika ut som leiar av digitalvalstyret.
3. Direktøren får fullmakt til å gjere supplerande oppnemning av medlemmer til digitalvalstyret ved behov
4. Medlemmene i digitalvalstyret får møtegodtgjering etter regler for godtgjøring av medlemmer i råd, utvalg mv. på nasjonalt nivå og bispedømmenivå i Den norske kirke § 1.2.

Saksorientering

Digitalvalstyret – rolle og oppgåver

Digitalvalstyret er eit nasjonalt valorgan som blir oppnemnt av Kyrkerådet i medhald av kirkevalreglene § 2-4. Styret har ei sentral rolle i å sikre at det digitale kyrkjevalet blir gjennomført i samsvar med gjeldande regelverk og grunnleggjande demokratiske prinsipp.

Digitalvalstyret skal føre tilsyn med at gjennomføringa av det digitale valet skjer på ein trygg, korrekt og etterprøvbar måte. Dette inneber særleg å sjå til at:

- det digitale valsystemet fungerer i tråd med regelverket gjennom heile valperioden
- stemmegjevinga skjer på ein måte som ivaretek prinsippa om frie og hemmelege val
- handsaming og oppteljing av digitale stemmer skjer korrekt og i samsvar med fastsette prosedyrar
- eventuelle avvik eller feil blir handterte på ein forsvarleg måte

Styret har ikkje ansvar for den praktiske gjennomføringa av valet eller for dei administrative oppgåvene som ligg til andre valorgan, men skal utøve eit uavhengig tilsyn med den digitale delen av valgjenomføringa.

Digitalvalstyret skal bidra til tillit til det digitale valet ved å sikre openheit om prosessar og ved å følgje opp at regelverket blir etterlevd. Styret må ha særleg merksemd på tryggleik, personvern og integritet i valgjennomføringa.

Digitalvalstyret – samansetning

Styret består av ni medlemmer. To av medlemmene skal oppnemnast på grunnlag av særskild kompetanse. Det blir i tillegg peika ut sju felles varamedlemmer for dei ordinære medlemmene og to personlege varamedlemmer for dei to medlemmene peika ut på grunnlag av særskilt kompetanse. Kyrkjerådet sitt sekretariat fungerer som sekretariat for digitalvalstyret.

Forslag frå nomineringsgruppene

Det er regelfesta at nomineringsgruppene skal kunne foreslå kandidatar til digitalvalstyret. Kyrkjerådet sendte brev til Bønnelista, Frimodig kyrkje, Interesseforening for Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke den 27. mars 2026 med oppmoding om å foreslå kandidatar innan 22. april 2027.

Det kom inn til saman 11 forslag til kandidatar.

Bønnelista foreslo:

1. Ingjerd Breian Hedberg, Tunsberg
2. Halvard Sand, Borg
3. Jo Hedberg, Tunsberg

Frimodig kirke foreslo:

1. Andreas Holm, Agder og Telemark
2. Arnt Ove Tenfjord, Møre

Interesseforening for Nominasjonskomiteens liste foreslo:

1. Roar Olsen, Tunsberg
2. Anette Lyche Brautaset, Borg
3. Regine Vetleseter Strangstad, under 30 år

Åpen folkekirke foreslo:

1. Gunnar Winther, Nidaros
2. Torild Skogsholm, Oslo
3. Marius Berge Eide, Oslo, døvemenighetenes representant

I tillegg kom det eit forslag frå digitaliseringsutvalget, Roar Moen, sokneprest Arna menighet, Bjørgvin.

Vurdering av samansetning

Komiteen som handsama saka om kirkevalgreglene på Kyrkjemøtet i 2026 hadde denne merknaden: «Komiteen forutsetter at Kirkerådet tar hensyn til bredde, kompetanse og representasjon av grupperingene i digitalvalgstyret.» Omsynet til

representasjon av dei ulike gruppene som er representert i Kyrkjemøtet er altså eit av fleire omsyn som er relevant i vurderinga av samansetning. Andre ting det er aktuelt å ta omsyn til er kontinuitet, kompetanse, kjønnsbalanse, representasjon av unge og geografi. Råd for personer med funksjonsnedsettelse peika i høyringa på at digitalvalstyret burde ha kompetanse på universell utforming og CRPD (FNs konvensjon om rettighetene til menneske med nedsatt funksjonsevne). Det er også andre typar representasjon som kan vurderast, som for eksempel samisk representasjon og representasjon av prest og kyrkjeleg tilsett.

Ut frå ei samla vurdering av dei ulike omsyna tilrår Kyrkjerådet denne samansetninga av digitalvalstyret (sortert alfabetisk):

Namn	Bispedøme	Under 30 år	Foreslått av	
Marius Berge Eide	Oslo		Åpen folkekirke	
Kristian Gjøsteen				<i>Særskilt kompetanse</i>
Ingjerd Breian Hedberg	Tunsberg		Bønnelista	
Andreas Holm	Agder og Telemark		Frimodig kirke	
Roar Olsen	Tunsberg		Interesseforening for Nominasjonskomiteens liste	
Torild Skogsholm	Oslo		Åpen folkekirke	
Regine Vetlester Strangstad	Sør-Hålogaland/Oslo	Ja	Interesseforening for Nominasjonskomiteens liste	
Gunnar Winther	Nidaros		Åpen folkekirke	<i>Foreslått som leiar</i>
<i>Ein kandidat manglar</i>				<i>Særskilt kompetanse</i>

I dette forslaget er det tre medlemmer foreslått av Åpen folkekirke, to medlemmer foreslått av Interesseforening for Nominasjonskomiteens liste, eit medlem foreslått

av Bønnelista og eit medlem foreslått av Frimodig kyrkje. Forslaget tar utgangspunkt i prioriteringa frå nomineringsgruppene, med unntak av at Regine Vetleseter Strangstad er prioritert foran Anette Lyche Brautaset for å få inn eit ungt medlem i styret. Grunngevinga for å ha tre medlemmer foreslått av Åpen folkekirke er både at dei er den største grupperinga og at det blir vurdert som ei styrke for digitalvalstyret å få med Marius Berge Eide på grunn av tilknyttinga han har til døvekyrkja og hans særleg relevante fagbakgrunn innan mellom anna dataanalyse og programmering.

To medlemmer i digitalvalstyret skal peikast ut på bakgrunn av sin kompetanse. I sist periode var desse Kristian Gjøsteen (professor ved Institutt for matematiske fag på NTNU) og Lisa-Marie Måseidvåg Selvik (doktorgrad i statsvitskap). Av omsyn til kontinuiteten er begge spurt om å sitte i digitalvalstyret også denne gongen. Kristian Gjøsteen har sagt ja til dette. Då saka blei sendt ut hadde sekretariatet ikkje motteke svar frå Lisa-Marie Måseidvåg Selvik.

Kyrkjemøtet i 1990 vedtok at «I alle råd og utval på kyrkelyds-, bispedøme- og Kyrkjerådsplan skal det arbeidast for at ikkje noko kjønn er representert med mindre enn 40 %»¹. Kyrkjemøtet i 1993 vedtok: «Kirkemøtet ønsker at 20 % av tillitsvalgte i kirkens rådsstruktur lokalt, regionalt og sentralt skal være under 30 år (...)»². I forslaget er det no tre kvinner (33 prosent av dei ni medlemmene) og ein ung kandidat (11 prosent av dei ni medlemmene). Det har ikkje vore mogleg innanfor tidsrammene for arbeid med denne saka å finne fleire unge kandidatar.

I forslaget er fem bispedøme representert. Det blir vurdert som tilstrekkeleg geografisk breidde.

Det blir foreslått at Gunnar Winther blir leiar i digitalvalstyret. Han hadde denne rolla også sist, og det er nyttig med kontinuitet i dette vervet.

Dei sju felles varamedlemmene for dei ordinære medlemmene skal peikast ut i prioritert rekkefølge. Det betyr at personen øvst på lista alltid vil bli kalla inn først ved fravær blant dei ordinære medlemmene. Fordi ein ikkje veit kven som kjem til å ha fravær er det vanskeleg å finne ein måte å fordele varamedlemmene som ivaretek alle behov. I forslag til vedtak er Roar Moen sett opp som første vara ut frå vurdering av hans kompetanse og erfaring som prest og innan statsvitskap. Resten av dei foreslåtte kandidatane sett opp i rekkefølge ut frå ei berekning av mandatfordeling basert på mandatfordelinga som er i Kyrkjemøtet i dag. Det kan også vere argument for at dei grupperingane som berre har eit medlem i styret får sine vara først på lista. Då kan ein i større grad sikre representasjon frå alle gruppene som er representert i Kyrkjemøtet til ei kvar tid. Ei anna vurdering kan vere at det viktigaste for ein vararepresentant er å ha kompetanse og evne til å gå inn i arbeidet i digitalvalstyret på kort varsel.

¹ Kyrkjemøtet 1990: Det økumeniske tiåret – kyrkjer i solidaritet med kvinner

² Sak KM 11/93.

I forslag til vedtak manglar det to felles varamedlem, i tillegg til varamedlemmer for dei to medlemmene peika ut på bakgrunn av særskilt kompetanse. Sekretariatet vil arbeide vidare for å finne forslag til desse plassane.

Møteplan og omfang

Digitalvalstyret er forventa å ha ein avgrensa møteaktivitet knytt til planlegging, førebuing og gjennomføring av det digitale valet. Det blir lagt opp til ein møteplan med jamlege møte i perioden fram mot valg gjennomføringa, samt møte i sjølve valperioden ved behov.

Møta vil i hovudsak bli gjennomførte digitalt, med nokre få fysiske møte, særleg i oppstartsfasen og i forkant og etterkant av valperioden.

Omfanget av arbeidet vil variere gjennom perioden, med størst aktivitet i fasane tett opp mot opning og avslutning av valet.

Økonomiske/administrative konsekvensar

Oppnemning av digitalvalstyret medfører avgrensa økonomiske og administrative konsekvensar. Medlemmene vil ha behov for møtegodtgjersle og dekning av eventuelle reise- og opphaldsutgifter i samband med møteverksemd.

Digitalvalstyret er utvida frå fem til ni medlemmer samanlikna med tidlegare ordning. Dette vil kunne gi noko auka kostnader knytte til møtegodtgjersle og eventuelle reiser.

Geografisk samansetning av styret kan påverke nivået på reise- og opphaldsutgifter. Samstundes bør omsynet til kostnader ikkje leggjast vekt på ved oppnemninga, då det er viktigare å sikre rett kompetanse, breidde og legitimitet i styret.

Sekretariatsfunksjonen blir ivareteken av Kyrkjerådet sitt sekretariat, og arbeidet vil inngå som ein del av dei ordinære oppgåvene knytte til planlegging og gjennomføring av kyrkjevalet.

Kostnadane vil bli dekkja over budsjettet til kyrkjevalet.